**OSTERØY IDROTTSLAG SKIGRUPPA**
**ÅRSMELDING 2012**

**Med i styret 2012**

| | | |
|---|---|---|
| Øyvind Litland | leiar | valgt for 2012 |
| Bernt Johan Flæsland | kasserar | valgt for 2011/2012 |
| Øivind Aasheim | styremedlem | valgt for 2011/2012 |
| Robert Skjerping | styremedlem | valgt for 2012/2013 |
| Torstein Mjelde | styremedlem | valgt for 2012/2013 |
| Johnny Mostraum | styremedlem | valgt for 2011/2012 |
| Bjørg Braathen Reigstad | styremedlem | valgt for 2011/2012 |
| Emil Hosøy | ungd.rep | valgt for 2012/2013 |
| Kari Hestnes | vara | valgt for 2012 |

Styret har hatt 3 styremøter og handsama 18 saker.

**REKRUTTERING**
Også i år har det vore snøsamling på Geilo i desember med god deltaking. Det har også vore utøvarar på sommarskiskule i Meråker sommaren 2012.
Det har vore fellestrening 4 gonger i veka med barmarkstrening ,fjellturar og rulleski frå Kvisti .
Trenarar har vore Johnny Mostraum, Emil Hosøy, Eirik Brakvatne Mjelde og Lars Braathen Reigstad.
Faste smørjarar på alle renn der me har deltakarar, både på kretsnivå og nasjonalt nivå er Øivind Aasheim og Bernt Johan Flæsland.
**RESULTAT**
Me har deltakarar på alle renn som vert skipa til Hordaland skikrins. Vidare har me hatt løparar på Norges Cup for junior, NM for junior, Hovedlandsrennet for 15 og16 åringar, Ungdomens Holmenkollrenn for 13 og 14 åringar og Senior NM i stafett på Voss.
Løparane våre hevdar seg heilt i toppen på kretsnivå.

**LYSLØYPECUPEN**
Det var litt variable snøforhald i lysløypa denne sesongen, men det vart skipa til 4 renn.
Premieutdeling var i Osterøyhallen.

**LYSLØYPA/SKIHYTTA**
Stort sett all barmarkstrening føregår i eller frå lysløypa. Rulleskitreninga går i all hovedsak frå Kvisti eller i nærmiljøet til løparane. Ellers varierer me utgangspunktet for fjellturane så godt det lar seg gjera.
Alle styremøter og andre møter har me i skihytta.
Det er utført vedlikehaldsarbeid i samsvar med behovet. Mykje skogshogst, grøfterensk og justering av traseen. Det er også satt opp nokre fleire lyspunkt.
Løypepreparering vert utført av Frank Skjerping.

**INNTEKTER**

Inntektene er som vanleg dei siste åra frå sponsorar, skiltreklame, draktreklame, stønad frå Idrettsrådet til vedlikehald og ikkje minst ein basar som mødrene til løparane driv og diverse anna.
Midlane frå Idrettsrådet vert nytta til det dei er tiltenkt og er svært vedifulle for oss.

**SLUTTORD**
Styret vil med dette takka grunneigarar, sponsorar og samarbeidspartnarar for eit svært godt samarbeid i 2012. Dette medfører at me kan gje alle som har interesse for langrenn, turgåing og rekreasjon eit godt produkt og tilbod heile året.
Skigruppa vil så langt råd er leggja til rette for å utvikla, byggja ut og vedlikehalda lysløypeområdet i samarbeid med grunneigarane til beste for alle.

Osterøy IL
Skigruppa
Haus 25.02.2013
Styret